



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 07.07.2015
Vår ref.: 2014/17340-28
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.: «REF»

Invitasjon til å delta i fagjury for kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde 2015.

Som ein del av Friluftslivets år 2015 har Klima- og miljødepartementet, i brev av 6. november 2014, oppmoda alle ordførarar til å kåre deira kommune sitt mest attraktive friluftslivsområde. Kultur- og ressursutvalet vedtok i møte 12.2.2015 å kåre det mest attraktive friluftsområdet i Hordaland og premiere vinnaren med kr 30.000. Alle kommunane vart oppmoda til å nominere eitt av sine friluftsområde til denne kåringa innan 10. juni. Då dette vart litt kort tid for nokre av kommunane som ønska politisk handsaming av lokal kåring, er fristen no utsett til 10. august.

Når nominasjonane er komen inn, vil administrasjonen lage ei sak til Kultur- og ressursutvalet (KURE) med innstilling til 3-5 finalistar. Det er KURE som er jury og kårar vinnaren i november-møtet.

For å gjer eit best mogleg grunnarbeid med nominasjonane, ønskjer vi å invitere fagfolk, brukarar og andre aktuelle partar til ein fagjury for å bistå med innstillinga til politikarane. Dei vi ønskjer å invitere inn i denne juryen er følgjande;

- **Fylkesmannen** – tek hand om nasjonale friluftsinteresser knytt til strandsona, vassdrag og fjellområde i Hordaland. Fylkesmannen er regional representant for staten som grunneigar i dei sikra friluftsområda, og har m.a. ansvar for å godkjenne forvaltningsplanar for områda og deltek i styret i Vestkystparken.
- **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne** - eit samarbeids- og rådgjevande organ som arbeider på tvers av ulike sektorar med god kompetanse på universell utforming innan uteområde.
- **Ungdommens fylkesting** - talerøret for ungdommen i politikken i Hordaland. Ungdom deltek mindre i organisert og eigenorganisert aktivitet enn den statlege tilrådinga om 60 minutt dagleg aktivitet tilseier. Dei kan såleis bidra med perspektiv på kva ungdom finn attraktivt ved friluftsområder.
- **Forum for natur og friluftsliv i Hordaland** - eit samarbeidsnettverk mellom 8 natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland.
- **Knut Langeland**, journalist i Bergens Tidene og forfattar av fleire turbøker.
- **Morten Dåsnes**, dagleg leiar av Friluftsrådernes Landsforbund som er eit landsomfattande samarbeidsorgan for interkommunale friluftsråd.

Fagjuryen vert med dette invitert til møte tysdag 18. august kl. 11 – 14 (inkl. lunsj).

Gje tilbakemelding til hane.espe@hfk.no om du er villig til å delta i juryen.

På basis av nomineringane frå kommunane skal dei med utgangspunkt i vedtekne retningslinjer, velje ut 3-5 finalistar som kan representere mangfaldet av friluftsområder i Hordaland. Denne innstillinga vil gå til politisk handsaming i KURE 10. september. Det vil bli sett fokus på kandidatane i tida fram mot kåringa av ein endeleg vinnar blant desse. Prisen vert delt ut under fylkestinget i desember.

Retningslinene for kåring av det mest attraktive friluftsområdet i Hordaland er forma i tråd med statleg friluftspolitik,

Regionalt kulturplan 2015-2025 og Miljødirektoratet sin rettleiar for verdsetjing av friluftsområder. Følgjande retningsliner er foreslått gjeldande for kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde;

- Lokalisering – i eller utanfor tettstad/by, nærleik til skule, idrettsparkar m.m.
- Brukargrupper frå nærmiljøet og i regionen - kor mange potensielle brukar er det for området som bur i nærleiken og kor attraktivt er det for brukarar frå andre kommunar.
- Grad av tilrettelegging for alle befolkningsgrupper (universelt utforming) – t.d. skilting, parkering, turløyper, toalett, eldstad, baderampe, kai, fiskepir.
- Tilkomst til friluftsområde – korleis er det tilrettelagt for at brukarar kjem seg til området t.d. ved gange, sykkel, kollektivtransport, bil, båt, kajakk.
- Høve for aktivitetar i ulike delar av året – på land og i vatn – t.d. utstyrsbank, nærmiljøanlegg som sandvolley, treningsapparat, hinderløyper, gapahuk, tilrettelagt for kajakk/kano,
- Natur og kulturhistoriske opplevingskvalitetar – kva kan ein oppleve av tilleggsvardiar i friluftsområdet og korleis dette vert formidla.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Hanne Espe
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.